

*L. o. Fj.
Lilje.*

Emne nr. 8.

B E I T O G B R O M .

Mellom dei forslaga som er nytta attåt høyet, er òg beit og brom. Beit er oftast ris og tunne kvister serleg av bjørk teke vinterstid, men kan og vera av furu med baret på. Brom er friske kvister med lauvknappar på (mot våren) helst av bjørk, men og av andre treslag.

- 1) Nyttar ein eller har ein nytta slikt fôr i Dykkar bygd? Kva namn har ein på det (beit, ris, brom sving o.l)? Kva treslag er det ein helst nyttar?
2. Kva kallar ein det når ein skal henta slikt fôr (beita, risa, broma t.d.)? Har folk ein serskilt slede når ein hentar beit og brom (beitslede)?
3. Kva tid på året hentar ein beit? Er det vanleg at ein tek heim vinterved i heile tre, og høgg av kvistene til beit heime i tunet? Kva tid på året hentar ein brom (vårvinteren)?
4. Kva reiskap nyttar ein når ein hentar beit og brom (lauvkniv eller -sigd, snidel (sniel, snel, snøl og anna)? Korleis er den?
5. Kva er det for krøter som får dette fôret (sau, geit)? Korleis får dei det (finhakka og blanda med anna for, eller for seg sjølv)?
6. Kvar har ein dette fôret (i ein haug, "beitakost", utanfor låa)? Har det vore og er det framleis vanleg at ein slepp krøtera bort i beitakosten så dei kan gnaga der?
7. Kjenner ein den skikken at ein på langfredag skulle henta ei bør med beit på fastande hjarta og at kvistene skulle brytast med hendene og ikkje takast med øks eller kniv? Dersom noko av dette høyrer fortida til, er det ynskeleg å få vita når folk slutta med det.

Vi er takksame for om De vil ta med mest mogeleg av bøyningar av dei orda som det er spurt om.

--- o o o ---

Desember 1947.

Da distriktet her er skogfattigt, kjenner en ikke til noget av disse ting, innen bygda eller heredet.

Ole L. P. Jure.

11502